

ÅRSPLAN

Jostedal barnehage
2019 / 2020

Dette året:
«Kroppen»



Innleiing:

I denne årsplanen finn de informasjon om barnehagen sine satsingar og konkrete tiltak innafor ulike område, og i planen er det teke omsyn til idear og innspel frå foreldre. I tillegg til det som står i dette heftet, ligg det informasjon om faste rutinar som t.d. opningstider, dagsrytme, tilsette og plan for overgang barnehage-skule på heimesida vår.

Rammeplanen:

Hausten 2017 kom ny Rammeplan for barnehage som gjeld heile landet. I den nye rammeplanen er det til dømes tydeleggjort at det skal vere *progresjon* i utfordringar og aktivitetar etter kvart som borna blir eldre, og det er tydeleggjort krav til personalet sine oppgåver i det pedagogiske arbeidet.

Verdigrunnlaget til barnehagen

(frå Rammeplanen):

Alle tilsette skal møte kvart born sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Satsingsområde

(felles for heile kommunen):

- Språkutvikling
- Psykisk helse/sosial kompetanse
- IKT i barnehagen

Medverknad:

At både born, foreldre og tilsette skal ha medverknad på aktivitetane i barnehagen er ein viktig verdi i barnehagen. Borna har medverknad på mange ting gjennom dagen, alt frå at dei kan velje mellom ulike aktivitetar til at dei sjølve vel pålegg på maten. Foreldre skal møte lydhørheit og forståing når dei kjem med innspel, og inviterast til slik medverknad i planleggingsarbeidet.

Barnehagen vil legge til rette for at barna skal kunne få bidra med å påverke kvardagen sin og tema me jobbar med. Difor vil me ha årsplanen så romsleg at me har tid og mulegheit til å lytte til barna sine ynskjer. Det er DET som er den viktigaste medverknaden, å bli sett og lytta til i augneblinken.

Rammeplanen seier at «barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga. Alle barna skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen, i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta».



LEIK – DEN VIKTIGASTE AKTIVITETEN!

Å leike skal ha ei sentral rolle i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Personalet skal organisere tid, rom og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik. (Rammeplan for barnehagen, s. 20).

I leiken er det barna sjølv som har sett prosessen i gang. Den blir styrt og strukturert av dei sjølv. Den finner stad over alt der barna er, og det er ein indre motivasjon som driv dei framover i leiken. Dei viktigaste kjenneteikna ved leik er *moro, usikkerheit, utfordringar, fleksibilitet* og at *leiken ikkje har noko mål utover leiken sjølv*. (Utdrag frå FN 2013)

Leikemiljøet: Kva miljø barna har rundt seg er med på å stimulere til ulike type leik. Personalet skal i år jobbe ekstra mykje med leikemateriell og leikemiljøet. Personalet har gjennom pedagogiske fagøktar med STYD (Stolt og Ydmyk), lære meir om psykisk helse blant barnehage-barn, og korleis leik og leikemiljøet er med å påverke kvardagen til barna. Me vil vere meir bevisst kva leiker me tilbyr og at udefinerte leiker er med på å inkludere fleire i leiken.

I løpet av barnehagetida går barnet gjennom ulike leikofasar. Her skal barnehagen legge til rette for ulike leik til dei ulike aldrane, og progresjon er ein viktig faktor for at barna skal bli stimulerte til å gå inn i leik med andre barn.





TEMA	KORLEIS	TID
Tryggleik	<p>Brannvern:</p> <p>Samling og leik med barna;</p> <ul style="list-style-type: none"> • kva gjer me om det brenn? • korleis førebygge brann? • Alltid seie frå til ein vaksen • Ikkje gøyme seg <p>Opplegg med Brannbamsen Bjørnis.</p> <p>Alle 3-4-5-åringane får med Bjørnis heim og går gjennom skjema som ligg i Bjørnis sin sekk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brannøving • Me leikar brannstasjon 	September
	<p>Besøk av politiet:</p> <p>Politiet har samling med 5-åringane om vald og overgrep. Kva er vonde hemmelegheiter og kva er snille hemmelegheiter?</p>	Våren
Mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby variert pålegg og lage sunn mat • Smake på ulike matrettar • Lage varmmat – kjøkengrupper • Kva gjer maten med kroppen vår? • Frå mat til bæsj • Handvask /toalettbesøk 	<p>Heile året</p> <p>Ca. anna-kvar veke</p>
Gjenbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Leikematerialar til gjenbruk: Bama-kasser, planker, ulike trematerialer, papp-ruller, hatter, kle, bokser, m.m. 	Heile året
	<ul style="list-style-type: none"> • Byte-bord; Spel, bøker, puslespel, leiker, kle og utstyr som er fint brukt. Bord i kjøken-gangen der foreldre i lag med barna kan levere og ta med. 	November

Årets tema: Kroppen

TEMA	KORLEIS
Meg sjølv	<ul style="list-style-type: none">• Kven er eg; namn, alder, kjønn, familien min• Teikne seg sjølv i full størrelse• Alle er ulike:<ul style="list-style-type: none">• Mangfald og gjensidig respekt for kvarande• Synleggjere verdien av fellesskapet, og alle skal bli sett og anerkjent for den dei er• Temasamlingar med fokus omsorg, korleis me er mot kvarandre, korleis inkludere andre barn i leiken.• Barnekonvensjonen
Kjensler	<p>Kva gjer meg:</p> <ul style="list-style-type: none">• glad• redd• overraska• lei meg• sint <p>Kule krabatar leikar /steg for steg-plakatar Vennebøkene, Nelly og Hamza</p>
Sansane	<ul style="list-style-type: none">• Bli kjende med sansane våre• Lage sansevegg• Sanseboksar• Sanseløype ute• Eksperiment
Funksjonen til kroppen og kvar er kva?	<ul style="list-style-type: none">• Hjarte• Blod• Skjelett• Hud• Auge, nase, munn, auge, øyre• Tenner• Hender og føter• Mage/navle/pupper• Hår <p>Bruke mikroskop til å studere kroppen nærmare</p>

Årets tema: Kroppen

TEMA	KORLEIS
Fysisk aktivitet og kvile	Aktivitet inne og ute: <ul style="list-style-type: none">• Bading• Ski og aking• Kvilestund/roleig aktivitet• Aktivitet i gymsal• Turar og leik i naturen• Barneyyoga Kjenne på høg/låg puls
Musikk	<ul style="list-style-type: none">• Songar m/ rørsler• Dans og ringleikar, folkemusikk• Minirøris• Takt og rytme• BlimE-dansen• Lage vårt eget songhefte (Ta fram att Bente Bogen og Judith Vestreim + lokale songar)• Songleikar• Instrument





TEMA:

Tiltak

Samarbeid med skulen

- 4. kl les for oss ein gong i mnd (okt-mai)
- Språkleik: 4-/5-åringane og 1.klasse (4 økter)
- Teikne-/songstund m/Arvid annakvar måndag
- Juleavslutning med å gå rundt juletreet
- Teater/konsertar frå Den Kulturelle Skulesekken (DKS) når dei kjem til skulen 2-3 gonger gjennom året

Overgang bhg-skule

Eigen plan for kva som er viktig å øve på heime og i barnehagen

- Skulebesøk 9 gonger (okt-juni) – på måndagar
- Språkleik med 1.klasse
- Skrivedans
- Tur for førskulebarna om hausten
- Turdag med 1.klasse (juni)

TEMA	TILTAK	KVEN	TID
Språk	Språkarbeid: <ul style="list-style-type: none"> • Lesing i grupper • Boka mi • Tverrfagleg bokprosjekt om KROPPEN – dialogisk lesing • Barnehagebibliotek med utlån • Låne bøker i skulen sitt bibliotek 	Alle 3-5 år Alle Foreldre 3-5 år	Heile året Jan – feb Heile året
Kompetanseheving for personalet	Barnehagemiljøet: Psykisk helse <ul style="list-style-type: none"> • Leikens betydning og tilrettelegging av leikemiljøet • Circle of Security (COS) • Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) 		



Opningstid: 07.00 – 16.15

Feriestengt: veke 29 og 30

Planleggingsdagar dette barnehageåret:

13. og 14. august 2019

7. oktober 2019

2. januar 2020

29. mai 2020

Mobiltelefonen til barnehagen: 48 89 17 18

Gjer vel og gje beskjed så tidleg som mogleg ved sjukdom og anna fråvær – gjerne med sms til mobilnummeret over!

Heimeside:

www.oppvekst.luster.no/jostedal

Instagram:

www.instagram.no/oppvekstjostedal

Kontakt ass. rektor/styrar Anne Kristin Halveg:

anne.kristin.haugen.halveg@luster.kommune.no

Kontakt rektor/styrar Mette F. Reinertsen:

mette.f.reinertsen@luster.kommune.no / Mobil: 91 71 51 62